



Helge Arthur Skjerven
Hylkjesvingen 40
5109 HYLKJE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6607 - 21/69343

Saksbehandlar:
Atle Magne Strandos
atle.magne.strandos@alver.kommune.n
o

Dato:
30.11.2021

Løyve til oppføring av bod og forlenging av tak - gbnr 338/18
Refskar

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 1103/21

Tiltakshavar:

Helge Arthur Skjerven

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 19.07.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 godkjenner kommunen søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Helge Arthur Skjerven slik det er søkt om.

Tiltak

Saka gjeld søknad om tilbygg for samanbygging av tak over bustad og uthus. Bebyggd areal (BYA) og bruksareal (BRA) aukar med ca. 51 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 12,6 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.07.21.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som hytte/fritid.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 20% BYA.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 19.07.21.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,0 meter. Eigar av gnr. 338 bnr. 89 har i dokument datert 19.06.21 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0,0 meter frå nabogrensa.

Det er innlevert samtykke frå gnr. 338 bnr. 2 frå 11.05.2013 med løyve til plassering 0 meter frå felles nabogrense. Samtykke omfattar oppføring av bod / uthus. Kommunen legg til grunn at tiltaket som nå er omsøkt er omfatta av naboerklæring som ligg i saka.

Naboar som har gjeve samtykke får kopi av vedtaket til klagevurdering.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket medfører ingen endring på vassforsyning og avlaup.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket medfører ingen endring for tilkomst til eigedomen.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK). Samanbygging av hytte og uthus gjer at dette vert ein samanhengande bygning. Kommunen gjer tiltakshavar særleg merksam på brannvernkrav som fylgje av at avstand til nabohytte vert mindre enn 8m.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Privatrettslege tilhøve

Utover det som fylgjer direkte av krav i plan- og bygningslova, gjer kommunen ingen vurdering av privatrettslege forhold, jfr. pbl. § 21-6.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tiltakshavar Helge Arthur Skjerven har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar innanfor alle funksjoner og ansvarsområde i tiltaket. Tiltakshavar opplyser at det er nytta medhjelpar for prosjektering og same medhjelpar vert nytta som rådgivar for gjennomføring.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar har søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar for eiga hytte, og er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6607

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar - planskisser
Teikningar - fasade
Situasjonskart

Kopi til:

Anne Desiree Eeg	Kattuglebrotet 63	5099	BERGEN
Olav Skår	Ådlandsvegen 909	5919	FREKHAUG
Thomas Eeg	Kattuglebrotet 63	5099	BERGEN

Mottakarar:

Helge Arthur Skjerven	Hylkjesvingen 40	5109	HYLKJE
-----------------------	---------------------	------	--------